



Innst. O. nr. 46

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen

Ot.prp. nr. 20 (2008–2009)

Innstilling fra finanskomiteen om lov om endringer i skatteloven mv. (kjeldeskatt på pensjonar mv.)

Til Odelstinget

1. SAMMENDRAG

1.1 Innleiing

Finansdepartementet foreslår i proposisjonen at det blir innført skatt på pensjonar mv. som blir utbetalte frå Noreg (kjeldeskatt på pensjonar mv.).

Pensjon, føderåd, livrente og liknande utbetalningar er skattepliktige for den som er busett i Noreg etter skatteloven, men ikkje for den som er busett i utlandet. Forslaget frå departementet går ut på at slike utbetalningar skal vere skattepliktige også for den som er busett i utlandet, når ubetalinga kjem frå folketrygda eller offentlig tenestepensjonsordning, når mottakaren har opparbeidd seg rett til pensjonspoeng i folketrygda og utbetalinga kjem frå person, selskap eller innretning som er skattepliktig til Noreg, og for utbetalningar frå andre når det er gitt frådrag for pensjonssparinga etter skatteloven.

Skatten skal utgjere 15 prosent av utbetalinga.

Forslaget skal sikre at det norske skattefundamentet ikkje blir uthola på ein urimeleg måte og hindre skattetilpassingar. Ein heimel for kjeldeskatt på pensjonar mv. legg til rette for at kjeldestaten og bustadstaten til pensjonisten kan dele skattefundamentet seg i mellom på ein rimeleg måte gjennom skatteavtale.

Tilleggsvilkåret om at vedkomande skal ha opparbeidd seg rett til pensjonspoeng i folketrygda når det gjeld utbetalningar frå norske, private pensjonsinnretningar, er teke inn av omsyn til deira konkurransetilhøve. Norske forsikringsføretak og andre pen-

sjonsinnretningar kan dermed konkurrere med produkta sine på lik line med tilsvarende utanlandske innretningar.

Forslag om å innføre kjeldeskatt på pensjonar mv. har vore på høyring. Høyringsuttalene er overveigande positive.

I proposisjonen pkt. 3 og 4 er det gjort greie for gjeldande reglar om skattlegging av pensjon og skattereglane for pensjonssparing.

1.2 Grunngevingar for kjeldeskatt på pensjonar mv.

Inntil nyleg har det vore vanleg at ein arbeider, sparer til pensjon og blir pensjonist i same stat. Internasjonaliseringa gjer at desse tre elementa i eit livsløp meir og meir blir spreidde på fleire statar.

Ein kan grunngi kjeldeskatt på pensjonar mv. på fleire måtar, m.a. med likskapsomsyn eller at det skal vere samanheng mellom finansieringa av pensjonen og skattlegginga av han. Om ein legg vekt på kvar avkastinga av sparinga er skapt, vil dette tale for at ein legg kjeldeskatt på pensjonar mv. som blir betalte av innanlandske innretningar. Reglane i svært mange land byggjer på denne modellen.

Om ein legg vekt på kvar pensjonssparinga er gitt skatteføremon, har det inntil nyleg vore tilstrekkeleg å leggje kjeldeskatt på pensjonar mv. frå innanlandske innretningar. Skatteføremonen er blitt utvida til å gjelde utanlandske innretningar som følgje av pliktene etter EØS-avtala. Dette talar for at kjeldeskatt kan leggjast også på utbetalningar frå utanlandske innretningar.

1.3 Skatteavtalene og skatteavtalepolitikken til Noreg

Retten til å leggje kjeldeskatt på pensjonar kan vere avgrensa gjennom skatteavtale mellom Noreg og den staten der pensjonsmottakaren bur. Dette er i

stor grad gjort i gjeldande skatteavtaler, og retten til å skattleggje pensjonar er lagd til staten der pensjonsmottakaren bur. I dei seinare åra har det norske utgangspunktet vore at retten til å skattleggje pensjonar skal vere delt mellom kjeldestaten og staten der pensjonsmottakaren bur.

Den minst vanlege løysninga i norske skatteavtaler er at retten til å skattleggje pensjonar er lagd til kjeldestaten, men dette har vore ordninga etter den nordiske skatteavtala. Den nordiske skatteavtala er nyleg endra, og retten til å skattleggje pensjonar delt mellom kjeldestaten og staten der pensjonisten bur. Den tidlegare ordninga skal likevel halde fram med å gjelde for pensjonistar som bur i Sverige eller Finland per 4. april 2008. Desse pensjonistane vil derfor bli fritakne frå skatt på pensjonsinntekta der dei bur, når Noreg innfører kjeldeskatte på pensjonar.

Mange norske skatteavtaler har blanda løysingar. Skatteavtalene med Frankrike og USA følgjer FN-mønsteret ved at retten til å skattleggje pensjonar er lagd til staten der pensjonisten bur, medan retten er lagd til kjeldestaten når det gjeld offentlege pensjonar og folketrygdpensjon. Der det ikkje ligg føre skatteavtale, er det vanlege at det er staten der vedkomande bur, som hindrar dobbel skattlegging.

1.4 OECD sitt mønster for skatteavtaler med kommentarar

OECD-mønsteret skil mellom private tenestepensjonar, offentlege tenestepensjonar, individuelle pensjonar og pensjonar frå sosiale trygdeordningar.

Etter OECD-mønsteret artikkel 18 blir private tenestepensjonar og liknande vederlag for tidlegare teneste skattlagde berre i staten der mottakaren bur. Likevel er det ei rekkje statar som går inn for at kjeldestaten skal ha rett til å skattleggje. Argumenta til desse statane er drøfta på omfattande vis i kommentarane til mønsteret.

Artikkel 19 nr. 2 tek for seg offentlege tenestepensjonar. Artikkelen har som utgangspunkt at pensjonar som er utbetalte av den staten tenesta er ytt til, eller frå fond som er oppretta av denne staten, berre skal kunne skattleggjast der.

Pensjonar som ikkje byggjer på tidlegare teneste, slik som t.d. individuelle pensjonsordningar, fell inn under artikkel 21. Denne regelen gir retten til å skattleggje til staten der vedkomande bur.

Etter skatteavtaler som følgjer OECD-mønsteret, kan det vere naudsynt å skilje mellom den delen av ein tilleggspensjon frå folketrygda som skriv seg frå privat teneste og næringsdrift, og den delen som skriv seg frå offentleg teneste.

1.5 Krava etter EØS-avtala

Skatteområdet er i utgangspunktet ikkje omfatta av EØS-avtala. Likevel vil skatteområdet kunne bli

råka av dei alminnelege reglane om fri flyt av arbeid, tenester, kapital og varer, fri rett til etablering og forbodet mot statsstøtte.

Departementet legg til grunn at dei norske reglane vil halde seg klart innanfor pliktene etter EØS-avtala dersom dei held seg innanfor EF-domstolen sine retningslinjer for medlemsstatane i EU. I proposisjonen kapittel 9 blir reglane i nokre nærliggjande land omtalde.

1.6 Departementet sine vurderingar og forslag

1.6.1 Grunnleggjande vurderingar

Det bør etter departementet si oppfatning vere samanheng i skattesystemet mellom på den eine sida skatteføremon for pensjonssparing og avkasting av pensjonsmiddel, og på den andre sida skattlegginga av pensjonen. Skattereglane bør ikkje bidra til at pensjonsinntekt blir heilt skattefri eller at skatt kan bli unndrege, og like tilfelle bør handsamast likt.

Mange av skatteavtalene avgrensar for tida høvet til å nytte ein heimel til å leggje kjeldeskatte på pensjonar. Samstundes følgjer mange av avtalene OECD-mønsteret. Så lenge Noreg ikkje har heimel til å leggje kjeldeskatte på pensjonar mv., vil dette føre til at offentlege tenestepensjonar blir skattefrie. For framtidige forhandlingar om skatteavtaler gir kommentarane til OECD-mønsteret og omsynet til samanheng i skattesystemet godt grunnlag for å få gjennomslag for kjeldeskatte på pensjonar. Det at kjeldeskatte på pensjonar er vanleg i svært mange OECD-land, dreg i same retninga.

Departementet foreslår at det blir innført heimel for kjeldeskatte på pensjonar mv. i skatteloven § 2-3.

1.6.2 Pensjonsomgrepet

Departementet foreslår at kjeldeskatte på pensjonar mv. skal ta utgangspunkt i omgrepa slik dei blir nytta ved skattlegginga av personar som er busette i Noreg etter skatteloven, og såleis i utgangspunktet skal omfatte pensjonar, føderåd og livrenter etter skatteloven §§ 5-1 første ledd og 5-40. § 5-1 er den grunnleggjande heimelen for å skattleggje pensjon mv., medan § 5-40 gjev reglar om skatteplikt for etterløns- og pensjon, nærare fastsette eingongs- og avløysingssummar, individuelle pensjonsavtaler og anna pensjonsordning i arbeidstilhøve enn pensjonsforsikring.

Kjeldeskatte vil ikkje omfatte livrente. For å unngå å komplisere lovteksten, vert heller ikkje ytingar etter § 5-42, dvs regelfaste personlege stønader etter lov eller avtale, omfatta.

1.6.3 Kravet til tilknytning til Noreg

I høyringsnotatet foreslo departementet at kjeldeskatte skulle avgrensast til personar med ei viss til-

knytning til Noreg, og at dette skulle gjerast gjennom eit allment vilkår om at vedkomande tidlegare hadde vore busett i Noreg etter skatteloven. Nokre høyringsinstansar var usamde i dette, og departementet har i proposisjonen justert forslaget.

Pensjon frå folketrygda og frå offentlege tenestepensjonsordningar er i seg sjølv så nær knytte til Noreg at tilknytingskrav ut over dette ikkje er naudsynte. Departementet foreslår derfor at kjeldeskatte skal gjelde for slike pensjonar utan ytterlegare vilkår, jf. forslaget til skatteloven § 2-3 nytt fjerde ledd bokstav a.

For andre pensjonar mv. frå norske føretak, slik som private tenestepensjonar og individuelle pensjonar, gjer omsynet til lik konkurranse mellom norske og utanlandske forsikringsføretak det naudsynt at kjeldeskatte blir avgrensa til personar med ei viss tilknytning til Noreg. Etter departementet si vurdering vil det å byggje på om vedkomande har tent opp pensjonspoeng i den norske folketrygda gi eit tenleg krav om tilknytning for slike pensjonar. Kjeldeskatte på pensjon frå person, selskap eller innretning som er heimehøyrande her, eller som har avgrensa skatteplikt for verksemd her etter skatteloven § 2-3 første ledd bokstav b, blir etter dette avgrensa til personar som har oppent pensjonspoeng i folketrygda.

Når det gjeld ytingar frå utanlandske innretningar, meiner departementet at ein for desse kan la sjølve skatteføremonen vere det som utløyser skatteplikta for ytinga, utan at ein her stiller opp ytterlegare krav om tilknytning til Noreg, jf. forslaget til skatteloven § 2-3 nytt fjerde ledd bokstav c.

1.6.4 Skattegrunnlaget

Kjeldeskatte bør vere såpass høg at det norske skattefundamentet ikkje blir hola ut på ein urimeleg måte av at skattytar flyttar utanlands. På den andre sida bør ikkje kjeldeskatte føre til ei monaleg strenge skattlegging enn om vedkomande var blitt buande i Noreg. Departementet går inn for at skattesatsen blir sett til 15 prosent.

For å unngå tvil om tilhøvet mellom dei norske pliktene etter EØS-avtala og reglane om kjeldeskatt på pensjonar mv., la departementet i høyringsnotatet til grunn at pensjonistar som bur i andre EØS-statar bør ha høve til å velje å bli skattlagde etter dei vanlege skattereglane når dei har heile eller tilnærma heile inntekta si frå Noreg. Etter ei nærmare vurdering ser departementet at ein slik rett ikkje bør gjelde automatisk. Også innanfor EØS-området er det trong til kontrollopplysningar om den totale inntekta og formuen til vedkomande. Departementet foreslår derfor at det blir sett som vilkår for retten til å følgje dei alminnelege reglane, at pensjonisten bur i ein stat Noreg har avtale om utveksling av skatteopplysningar med.

Forslaget til endring av skatteloven § 17-1 gjer det klart at pensjonistane som får rett til å bli likna etter dei alminnelege skattereglane, også har rett til skatteavgrensing etter same regel. Vidare vert det gitt heimel for kravet om utveksling av skatteopplysningar etter skatteavtale.

1.6.5 Innberetning og likning

Gjeldande reglar legg tilstrekkeleg oppgåveplikt på utbetalarar som hører heime i Noreg eller driv verksemd her, til at det dekkjer betalingane som blir skattepliktige etter forslaget. Når det gjeld pensjon frå utanlandske innretningar som ikkje er etablerte i Noreg, men der sparinga til pensjonen er gjord med skatteføremon i Noreg, kan informasjonen føretaket tek på seg å gi tilpassast plikta til å betale kjeldeskatte.

Sjølvmeldingsplikt vil følgje av ligningsloven § 4-2 nr. 1 bokstav a for pensjonsmottakarar som får skatteplikt etter dei nye reglane, med mindre det blir gjort særskilt unntak. Departementet legg ikkje opp til slikt unntak.

1.6.6 Forskotstrekk og innkrevjing

Det vert lagt opp til ei ordning der det skal gjerast forskotstrekk i utbetaling av pensjon mv. til person som er busett i utlandet i tråd med årlege skattevedtak i Stortinget, jf. forslaget til endringar i skattebetalingsloven (2005) §§ 5-5 femte ledd og 5-6 første ledd ny bokstav g.

Departementet legg til grunn at ein bør vinne noko røynsle med kjeldeskatte på pensjonar mv. før ein eventuelt samordnar innkrevjinga av slik skatt med innkrevjinga av trygdeavgift frå busette i utlandet.

1.7 Økonomiske og administrative følgjer av forslaget

Med atterhald om nokre usikre moment, blir det anslått at forslaget gir eit proveny i 2010 på om lag 230 mill. kroner.

Dei administrative kostnadene ved å innføre ei ordning med kjeldeskatt på pensjonar mv. er berekna til 20 mill. kroner i 2009. Årlege forvaltningskostnader for ordninga er rekna til om lag 10 mill. kroner. Anslaga er noko usikre.

Det vil bli oppretta ei eiga skattemanntalsgruppe for skattytarar som skal betale kjeldeskatt. Arbeidet med fastsetjing av kjeldeskatt vil bli lagt til eitt skattekontor. Eitt skatteoppkrevarkontor vil bli peika ut til å krevje inn kjeldeskatten på pensjonar mv.

1.8 Tidspunktet då forslaget skal tre i kraft

Departementet foreslår at endringane i skatteloven § 2-3 mv. trer i kraft straks og får verknad frå og med inntektsåret 2010.

2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Alf E. Jakobsen, Rolf Terje Klungland, Torgeir Micaelsen, lederen Reidar Sandal, Eirin Kristin Sund og Marianne Aasen, fra Fremskrittspartiet, Gjermund Hagesæter, Ulf Leirstein, Jørund Rytman og Christian Tybring-Gjedde, fra Høyre, Svein Flåtten, Linda C. Hofstad Helleland og Jan Tore Sanner, fra Sosialistisk Venstreparti, Magnar Lund Bergo og Ingunn Gjerstad, fra Kristelig Folkeparti, Hans Olav Syversen, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, og fra Venstre, Lars Sponheim, viser til at Regjeringens vurderinger og forslag er nærmere omtalt ovenfor i denne innstilling og i Ot.prp. nr. 20 (2008–2009) Om lov om endringer i skatteloven mv. (kjeldesatt på pensjonar mv.)

Komiteen viser ellers til at det generelt bare er et sammendrag av Regjeringens vurderinger og forslag som er referert ovenfor i innstillingen. Bakgrunnen for lovforslagene, gjeldende norsk rett, forholdet til utenlandsk rett, forholdet til EØS-avtalen, høringsinstansenes merknader mv. knyttet til de enkelte vurderinger og forslag, er nærmere redegjort for i nevnte odelstingsproposisjon.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, mener det er flere grunner til å innføre kildeskatt. For det første legger kildeskatt til rette for en rimelig fordeling av skattefundamentene mellom ulike stater gjennom skatteavtaler. For det andre sikrer dette at det norske skattefundamentet ikke blir uthulet. Dessuten vil det bidra til å hindre skattetilpasninger i et arbeidsmarked som stadig internasjonaliseres.

Det er finnes få gode begrunnelser for at en person som velger å flytte fra et land med et høyt inntekts- og kostnadsnivå skal ha skattefritak for pensjonsinntekten. Prinsipielt er derfor denne endringen av skatteloven viktig. I mange tilfeller vil dessuten endringene i reglene for kildeskatt ikke påvirke skatten den enkelte pensjonist skal betale.

Flertallet viser til det faktum at ingen pensjonister som kommer innenfor skattebegrensingsregelen vil få skatteskjerpelse dersom de bor i et EØS-land. Tvert imot vil disse få skattelettelse. Når det gjelder minstepensjonister som har flyttet utenfor EØS, vil de få skatteskjerpelse dersom de ikke betaler skatt i sitt nye hjemland. Dersom de betaler skatt til bostedslandet, skal de trekke fra den norske kildeskatten slik at skatten til bostedslandet reduseres tilsvarende.

Flertallet peker dessuten på at en kildeskatt på 15 prosent i utgangspunktet ikke er urimelig hard, og ligger lavere enn den mange andre land har.

Flertallet har merket seg at prinsippet om å ha kildeskatt støttes av Skattebetalerforeningen. De påpeker i sitt høringsnotat at om Norge ikke har hjemmel til kildeskatt, betyr det en klar uthuling av det norske skattefundamentet.

Flertallet støtter Regjeringens forslag til nye regler om kildeskatt, jf. forslag til endringer i skatteloven §§ 2-3 og 17-1 og skattebetalingsloven §§ 5-5 og 5-6.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at de foreslåtte endringer angår vel 40 000 pensjonister bosatt i utlandet, og at provenyet for staten etter nedjusteringer fremholdes av departementet å ligge på ca. 230 mill. kroner. Begrunnelsen for lovforslaget er å sikre at det norske skattefundamentet ikke uthules på en urimelig måte av manglende adgang til å skatlegge pensjoner oppjent og utbetalt fra Norge, at det skal hindre skattetilpasninger i et arbeidsmarked som stadig mer internasjonaliseres, og at loven skal være hjemmel for at kildestat og bostedsstat kan fordele skattefundamentet seg imellom gjennom skatteavtaler.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Venstre er av den oppfatning at det store antall mennesker dette kan angå, og det beskjedne provenyet det er snakk om, tilsier at lovgiver er ekstra aktsom, og har et særskilt ansvar i forhold til virkningene for skattyterne både som enkeltpersoner og som en gruppe som må anses som mindre ressurssterk enn mange andre skattytergrupper.

Disse medlemmer viser i den anledning til en rekke spørsmål som er sendt fra komiteen til departementet under behandlingen, og hvor de fleste angår skattyternes stilling i forbindelse med innføringen av kildeskatt på pensjoner.

Disse medlemmer mener at hensynet til skattyterne i en sak med forholdsvis lite proveny bør veie tungt, og vil anføre følgende forhold som i henhold til svar på komiteens spørsmål til departementet fremtrer som for lite eller for dårlig utredet, og hvor konsekvensene for skattyterne er ditto usikre:

- Departementet opplyser at man ikke har oversikt over hvert enkelt lands skatteregler eller antall utenlandspensjonister i de aktuelle land som mottar folketrygdytelse/offentlige pensjoner, og som samtidig regnes som skattemessig emigrert.
- Departementet opplyser at norske pensjonister bosatt i andre nordiske land vil måtte forholde

seg til to stater. De vil da kunne komme i en mer komplisert og uavklart skatteposisjon enn i dag, og dette gjelder et betydelig antall pensjonister.

- Departementet opplyser at det finnes mer enn 100 FN-ankjente stater som Norge ikke har skatteavtale med og hvor skattyteren selv, basert på intern rett i vedkommende stat, må ta de nødvendige skritt for å unngå dobbeltbeskatning.
- Det fremgår videre at alle pensjonister som i dag betaler skatt av pensjonen til bostedslandet, vil bli utsatt for dobbeltbeskatning inntil pensjonisten selv lykkes i å få bostedslandet til å hindre dobbeltbeskatning. Dette bekrefter den generelle forutsetning for proposisjonen og senere gjennomføring, nemlig at pensjonisten selv vil måtte ta opp sine saker med skattemyndighetene for å avverge dobbeltbeskatning. Noe som betyr at den svært uoversiktlig situasjon som på dette området allerede eksisterer ikke bare vil bli opprettholdt, men vil eskalere og kunne ramme flere tusen nye, relativt ressursvake skattytere. Selv det å få avgjort hvilken stat man egentlig er skattemessig bosatt i vil kunne by på lange prosedyrer for den enkelte.
- Det fremgår videre at det ikke har vært foretatt noen vurdering av om de pensjonister som tidligere har vært fritatt for norsk beskatning, skal ha noen sosiale rettigheter som motytelse når kildeskatt ilegges, noe som selvsagt er et helt sentralt tema for pensjonister i en ny skattesituasjon i forhold til Norge.
- Det fremgår av svar på spørsmål at om lag halvparten av AFP og alderspensjonister i dag har et gjennomsnitt på ca. 7 prosent skatt. En overgang til kildeskatt vil derfor tilsynelatende nær fordoble deres skattebelastning.
- Finansdepartementet har i brev av 29. januar 2009 bl.a. opplyst følgende som svar på spørsmål 21 i brev av 19. januar 2009 fra Høyres stortingsgruppe:

"Forskuddstrekk blir behandlet i avsnitt 10.6 i proposisjonen. Departementet legger der opp til en ordning som er parallell med den som gjelder for bosatte. Det vil si at loven angir en sats for trekket. Denne satsen gjelder dersom skattyteren ikke framskaffer dokumentasjon på at trekket skal være lavere, enten i form av skattekort med lavere trekk, frikort eller erklæring om fritak for forskuddstrekk. Akkurat som for andre skattytere vil skattekort og annen dokumentasjon på annet trekk enn lovens sats, måtte fastsettes årlig, og skattyter vil måtte be om endret trekk dersom det fastsatte ikke passer."

Departementet synes å forutsette i svaret at forskuddstrekket kan bli lavere enn lovens sats ved at man utskriver skattekort med lavere trekkprosent, noe som ikke synes å være i overensstemmelse med lovutkastet, jf. forslaget § 5-5

nytt femte ledd, hvor det fremgår at det skal være 15 prosent eller fritak for forskuddstrekk.

Disse medlemmer viser til at forutsetningen om at bare pensjonister bosatt i EØS-stater Norge har avtale om utveksling av kontrollopplysninger med skal kunne kreve vanlig ligning, også fremtrer som en uakseptabel forskjellsbehandling.

Disse medlemmer vil understreke at muligheten for overgangsordninger ikke er utredet. Under proposisjonens omtale av den danske ordningen er det ikke opplyst om overgangsordningen som gjør at ved dansk innføring av kildeskatt for pensjonister i Spania og Frankrike, blir alle som har flyttet dit før forslaget ble tatt opp, fritatt for skatt mens de bor der. En slik utredning kunne også nærmere vurdert tiltak som tettet eventuelle skattehull i enkelte land for pensjonister med for eksempel offentlig tjenestepensjon på en enklere måte enn potensielt å bringe over 40 000 skattytere i en uoversiktig skattesituasjon.

Disse medlemmer viser til at den praktiske gjennomføringen av kildebeskatningen er svært lite omtalt og konsekvensene er ikke, eller mangelfullt, utredet. 41 000 utenlandsboende pensjonister får samlet årlig ytelse på 3,5 mrd. kroner, dvs. et gjennomsnitt på 85 000 kroner, noe som skal beskattes med kildeskatt på 15 prosent, mens pensjonister i Norge kan ha en inntekt på 148 000 kroner som enslige uten skatt, og 268 000 kroner som ektepar uten beskatning.

Disse medlemmer mener det er godtgjort gjennom korrespondansen med departementet og i proposisjonen for øvrig at kildeskatten vil ramme forskjellig, avhengig av bostedsland og skatteavtale. Norge har en rekke skatteavtaler, men har opp mot 20 forskjellige løsninger for hvordan pensjoner håndteres mellom landene. Noen skattytere kan bli fritatt for skatt ved kildeskattinnføring, andre vil bli dobbeltbeskattet, tilfældighetene vil råde.

Disse medlemmer mener at å innføre kildeskatt uten at det vesentlige av de problemene som er pekt på i merknaden over er utredet og løst på en tilfredsstillende måte, vil være å kaste tusenvis av skattytere med svake ressurser ut i en skattemessig situasjon de ikke vil kunne greie å håndtere, og det er heller ikke godtgjort at Skatteetaten vil kunne yte den bistand som er nødvendig. Det fremgår både av de svært lave administrasjonskostnader som er lagt til grunn, og av at det fremgår klart i proposisjonen og korrespondanse med komiteen at det er skattyternes eget ansvar å finne ut av sine nye situasjoner.

Disse medlemmer finner ikke å kunne ta ansvaret for at skattelover behandles på en slik måte i forhold til et antatt stort antall skattytere, og fremmer forslag om at proposisjonen sendes tilbake til Regjeringen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er sterkt uenige i forslaget om å innføre kildeskatt. Disse medlemmer mener at innføring av kildeskatt allerede fra 2010 er fullstendig uakseptabelt. Når forslaget om tilbakesendelse blir nedstemt vil disse medlemmer derfor stemme mot forslaget om innføring av kildeskatt.

Komiteens medlem fra Kristelig Folkeparti er enig i at det kan være grunner for å innføre kildeskatt på pensjonsutbetalinger fra Norge, i likhet med hva mange andre land allerede har gjort. Dette medlem understreker at det må være et mål å forhindre utilsiktet skattefrihet som oppstår i tilfeller hvor Norge gjennom skatteavtaler har frasagt seg retten til skattlegging av pensjon, samtidig som bostedslandet ikke skattlegger pensjonsytelsen. Dette medlem vil imidlertid påpeke at det vil være uakseptabelt dersom innføring av kildeskatt fører til en dobbeltbeskatning av pensjonister, eller til at mange pensjonister får et betydelig merarbeid i forhold til ligningsmyndighetene i land de er bosatt i for å forhindre en dobbeltbeskatning. Dette medlem mener at Regjeringen i Ot.prp. nr. 20 (2008–2009) ikke har utredet i tilstrekkelig grad tiltak for å forhindre dette, eller vurdert overgangsregler for eksempel etter mønster fra den danske ordningen. Dette medlem kan ikke se at det foreligger hastemoment som gjør det nødvendig å vedta innføring av kildeskatt nå, og mener at det med fordel kunne brukes mer tid på utredning av de praktiske utfordringene for skattytere som er tatt opp i denne merknad. På dette grunnlag støtter dette medlem forslaget om tilbakesendelse.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til sine respektive merknader ovenfor og fremmer følgende forslag:

"Ot.prp. nr. 20 (2008–2009) Om lov om endringer i skatteloven mv. (kjeldeskatt på pensjonar mv.) tilbakesendes Regjeringen."

3. FORSLAG FRA MINDRETALL

Forslag fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre:

Ot.prp. nr. 20 (2008–2009) Om lov om endringer i skatteloven mv. (kjeldeskatt på pensjonar mv.) tilbakesendes Regjeringen.

4. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til merknadene og proposisjonen og rår Odelstinget til å gjøre følgende

vedtak til lov

om endringer i skatteloven mv.
(kjeldeskatt på pensjonar mv.)

I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt gjøres følgende endringer:

§ 2-3 nytt fjerde ledd skal lyde:

(4) Person som ikke har skatteplikt etter § 2-1, plikter å svare skatt av pensjon, føderåd, livrente og lignende utbetalinger som er skattepliktig inntekt etter § 5-1 første ledd eller § 5-40, når

- a. utbetalingen skjer fra folketrygden eller fra offentlig tjenstepensjonsordning*
- b. mottakeren har opptjent pensjonspoeng i folketrygden og utbetalingen skjer på grunnlag av forpliktelse som påhviler person, selskap eller innretning hjemmehørende i riket eller person, selskap eller innretning hjemmehørende i utlandet som er skattepliktig til Norge etter første ledd bokstav b, eller*
- c. utbetalingen skjer for å oppfylle forpliktelse som påhviler annen person, selskap eller innretning på grunnlag av tilskudd mv. som det er gitt fra-drag for etter §§ 6-46 og 6-47.*

§ 17-1 nytt femte ledd skal lyde:

(5) Skattyter med begrenset skatteplikt etter § 2-3 fjerde ledd kan kreve skattebegrensning etter denne paragraf dersom

- a. skattyteren er bosatt i annen EØS-stat*
- b. Norge i medhold av folkerettslig overenskomst kan kreve utlevert opplysninger fra denne staten om skattyterens inntekts- og formuesforhold og*
- c. hele eller tilnærmet hele skattyterens alminnelige inntekt i inntektsåret skattlegges i Norge.*

II

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatt gjøres følgende endringer:

§ 5-5 femte ledd skal lyde:

(5) Forskuddstrekk etter § 5-6 første ledd bokstav g beregnes av utbetaleren til det beløp skatten vil utgjøre etter Stortingets vedtak om skatt for det angjeldende år.

Nåværende § 5-5 femte til syvende ledd blir sjetten til åttende ledd.

§ 5-6 første ledd ny bokstav g skal lyde:

g) *pensjon og livrente som omfattes av skatteloven § 5-1 første ledd eller § 5-40, jf. skatteloven § 2-3 fjerde ledd, til personer som ikke er bosatt i riket.*

III

Endringene under I og II trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2010.

Oslo, i finanskomiteen, den 19. februar 2009

Reidar Sandal

leder

Svein Flåtten

ordfører

